

FYLKESRÅDMANNEN

SFJ 2019

UTGREIINGSRAPPORTAR VÅREN 2016

RAPPORTSAMANDRAG

Sogn og Fjordane fylkeskommune

27.04.2016

www.sfj.no

Innhald

Vidaregåande opplæring

Utgreiing (#)

Rådgeving ut over avtalefesta nivå.	7.
Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram.	9.
Leiingsressurs ved dei vidaregåande skulane ut over avtalefesta nivå.	10.
Sommarskule	11.
Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale.	12.
Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale.	13.
Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa.	17.
E-pedagogressurs i vidaregåande opplæring	58.

Samferdsle

Framlegg til driftsstandard på fylkesvegnettet.	45.
---	-----

Sektorovergripande utgreiingar

Folkehelsearbeidet.	51.
IKT-tenestene.	53.
Løn- og rekneskapstenestene.	54.
Driftsteknikartenestene.	55.
Sentraladministrasjonen – roller og storleik.	57.

Vidaregåande opplæring

(samandrag frå utgreiingar vinteren/våren 2016)

RÅDGJEVING UT OVER AVTALEFESTA NIVÅ – UTGREIING NR. 7

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Rådgjeving ut over avtalefesta nivå (utgreiingsoppdrag nr. 7)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Rådgjevingstenesta på dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane vart frå 1.8.2008 styrkt med ein ressurs på 147 prosent, ut over avtalefesta nivå. Etter iverksetting av skulebruksplanen er styrkinga redusert til 123 prosent. Fylkesdirektøren har i vedlagde rapport gjort greie for moglege konsekvensar av å ta bort denne ressursen. Vurderingane og konklusjonane byggjer på tilbakemeldingar frå dei vidaregåande skulane, resultat frå Elevundersøkinga og ulike forskingsrapportar.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er mogleg å spare 0,8 mill. kroner dersom heile tilleggsressursen vert teken bort.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Nei

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	<i>Viktig</i>	<i>Mindre viktig</i>	<i>Ikkje relevant</i>
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig God rådgjeving er viktig for kvaliteten på opplæringa. Tilleggsressursen ut over avtalefesta nivå bidreg til at elevane får naudsynt tilgang på rådgjevingstenesta. Ein reduksjon i ressursen vil få konsekvensar for kvaliteten på opplæringa.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:			Ikkje relevant
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:			Ikkje relevant.
Rolla i den regionale partnerskapen:			Ikkje relevant
Langsiktige avgjerder:			Ikkje relevant
Alternative finansieringskjelder:			Ikkje relevant

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Retten til nødvendig rådgjeving er heimla i opplæringslova §9-2 første ledd. Kapittel 22 i forskrift til opplæringslova gir nærare reglar for rådgjevinga. Rådgjevingstenesta skal mellom anna bidra til å utjamne sosiale skilnader, til å integrere etniske minoritetar, ivareta likestillingsperspektivet og til å sikre at elevane gjennomfører det 13-årige løpet. Eleven har ein rett til individuell rådgjeving og rettleiing, og skulen skal gjere retten kjend for eleven og føresette.

Rådgjevingstenesta har eit stort innhaldsmessig spenn, som føreset brei og mangfaldig kompetanse, ikkje minst på systemnivå. Tilleggsressursen ut over avtalefesta nivå bidreg til at elevane får nødvendig tilgang på rådgjevingstenesta.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Etter fylkesdirektøren si vurdering er rådgjevingstenesta i hovudsak formålstenleg organisert i dag, i team/grupper, der kontaktlærarar, skulehelsetenesta, miljøkoordinatorar og andre deltek. Det bør likevel vurderast om ein i større grad skal skilje mellom funksjonane sosialpedagogiske oppgåver og oppgåver som gjeld yrkes- og studierettleiing, slik opplæringslova opnar for. Eit slikt skilje vil etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje føre til eit mindre behov for ressursar.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Nei

OPPFØLGING AV KOSTNADSKREVJANDE TILTAK I VEDTEKE HANDLINGSPROGRAM – UTGREIING NR. 9

1. Utgreiingstittel og -nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i vedteke handlingsprogram (utgreiingsoppdrag nr. 9)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiinga tek utgangspunkt i korleis løyvinga har vore nytta og gjer ei prinsipiell vurdering av om det bør løyvast midlar ut over ordinær drift til gjennomføring av tiltak i handlingsprogrammet. Utgreiinga vurderer konsekvensane av å redusere eller å ta bort løyvinga.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er mogleg å spare 0,780 mill. kr dersom heile løyvinga vert teken bort.

Ein varig reduksjon i løyvinga med 10-30 prosent vil redusere handlingsrommet til å setje i verk tiltak for å nå måla for sektoren.

Dersom løyvinga vert teken bort vil det vere uråd å gjennomføre særskilte satsingar for å auke kvaliteten på opplæringa. Eventuelle satsingar vil då auke presset på organisasjonen. Alternativt må ambisjonsnivået i målekartet og mål- og strategidokumentet justerast ned.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Å redusere eller ta bort løyvinga vil ikkje gje innsparing i sentraladministrasjonen.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig Løyvinga gjev handlingsrom til å kunne setje i verk tiltak for å nå sektoren sine mål om auka kvalitet på opplæringa.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:			Ikkje relevant
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:			Ikkje relevant
Rolla i den regionale partnerskapen:			Ikkje relevant

Langsiktige avgjerder:	Viktig Løyvinga gjev handlingsrom til å kunne setje i verk tiltak for å nå sektoren sine mål om auka kvalitet på opplæringa.
------------------------	---

Alternative finansieringskjelder:	Viktig I større grad vere aktiv i å søke på midlar knytt til statlege satsingar.
-----------------------------------	---

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for god læring. Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune har mange yrkesgrupper og tiltak som ikkje er omfatta av særskilde statlege satsingar.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Nei

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Nei

LEIINGSRESSURS UT OVER AVTALEFESTA NIVÅ – UTGREIING NR. 10

1. Utgreiingstittel – og nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Leiingsressurs ved dei vidaregåande skulane, ut over avtalefesta nivå (utgreiingsoppdrag nr 10)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Leiingsressursen ved dei vidaregåande skulane er styrka med 297% stillingsressurs (leiingsressurs ut over avtalefesta nivå), tilsvarande ein kostnad på 2,2 mill. kr. Fordelinga er gjort etter tal undervisningsstillingar.

Fylkesdirektøren har i rapporten vurdert konsekvensane av å redusere eller ta bort leiingsressurs ut over avtalefesta nivå.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Mogleg innsparing, dersom ein tek bort heile tilleggsressursen, er rekna til om lag 2,2 mill. kr

4. Administrativt innsparingspotensiale

Ingen

Ein reduksjon i leiingsressursen på einingsnivå vil føre til at det sentraladministrative nivå må overta delar av oppgåvene. Ei slik omfordeling vil truleg krevje auka ressursar sentralt.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig Sogn og Fjordane skårar høgt på kvalitetsmålingar både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren er oppteken av å oppretthalde den gode kvaliteten som er i den vidaregåande opplæringa i fylket. Skulen si leiing er ein av dei viktigaste faktorane i dette arbeidet. Ei god skuleleiing er av stor betydning for å sikre pedagogisk kvalitetsutvikling i organisasjonen. Å redusere leiingsressursen vil kunne få negative konsekvensar for kvaliteten på opplæringa og samhandlinga med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:			Ikkje relevant

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:	Viktig Ein god og veldriven vidaregåande skule sin plass i lokalsamfunnet.
Rolla i den regionale partnerskapen:	Viktig Den vidaregåande skulen sin plass og rolle i den regionale utviklinga. Leiar sitt ansvar for å bidra til at skulen er ein aktiv aktør og eit kompetansesenter i regionen
Langsiktige avgjerder:	Viktig Den vidaregåande skulen sin plass og rolle i den regionale utviklinga. Leiar sitt ansvar for å bidra til at skulen er ein aktiv aktør og eit kompetansesenter i regionen
Alternative finansieringskjelder:	Ikkje relevant
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	
Fylkesdirektøren vurderer leiingsressursen på det nivå den er i dag, som naudsynt for å nå dei mål som er nedfelt i overordna mål- og strategidokument, både lokalt og nasjonalt	
7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet	
Ikkje relevant	
8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar	
Nei	

SOMMARSKULE – UTGREIING NR. 11

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Sommarskule (utgreiingsoppdrag nr. 11)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkesdirektøren vurderer i utgreiinga konsekvensane av å ta bort eller omorganisere tenesta.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er mogleg å spare 0,2 mill. kr dersom heile løyvinga vert teken bort.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Nei

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Sommarskulen er eit av fleire kvalifiseringstiltak som skal bidra til auka gjennomføring for elevar/ lærlingar. Mange av ungdomane som nyttar seg av tilbodet på sommarskulen, treng tett oppfølging for å klare å gjennomføre. Dersom sommarskulen blir avvikla som tilbod vil retten til NUS-eksamen (ny og utsett og særskilt eksamen) påfølgjande haust vere det tilbodet elevane må nytte. Elevane med karakteren 1 vil då ikkje få intensivundervisning og moglegheit til å ta eksamen på nytt før i haustsemesteret. Dersom retten til NUS-eksamen ikkje vert nytta, må eleven ta faget som privatist.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:	Ikkje relevant		
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:	Ikkje relevant		
Rolla i den regionale partnerskapen:	Ikkje relevant		
Langsiktige avgjerder:	Sommarskulen bidreg til å nå målet om auka gjennomføring i vidaregåande opplæring		
Alternative finansieringskjelder:	Ikkje relevant		

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Nei

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Nei

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Nei

REKRUTTERING OG KOMPETANSEUTVIKLING PEDAGOGISK PERSONALE – UTGREIING NR. 12

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale (utgreiingsoppdrag nr. 12)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkesdirektøren vurderer i utgreiinga konsekvensane av å redusere eller ta bort løyvinga til rekruttering og kompetanseutvikling.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er mogleg å spare om lag 2,3 mill. kr dersom heile løyvinga vert teken bort.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Nei

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig Pedagogen/instruktøren er den viktigaste faktoren som medverka til å gje kvalitet på opplæringa. Å auke kompetansen til dei tilsette er difor den viktigaste enkeltfaktoren for å auke kvaliteten på opplæringa.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:			Ikkje relevant
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:			Ikkje relevant
Rolla i den regionale partnerskapen:			Ikkje relevant
Langsiktige avgjerder:	Viktig Det er viktig å ha høg fagleg kompetanse for framtida, ut over minimumskravet i forskrift til opplæringslova.		
Alternative finansieringskjelder:			Ikkje relevant

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Fylkeskommunen som arbeidsgjevar er gjennom sentrale avtalar forplikta til å legge til rette for kompetanseheving for tilsette.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Ikkje relevant

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Nei

OMSTILLINGSTILTAK OG SENIORTILTAK FOR PEDAGOGISK PERSONALE – UTGREIING NR. 13

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale (utgreiingsoppdrag nr. 13)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkesdirektøren gjer i utgreiinga ei vurdering av behovet for midlar til omstillings- og seniortiltak og konsekvensar av å redusere eller ta bort løyvinga.

Utgreiinga tek utgangspunkt i ein « normalsituasjon » med årlege variasjonar i opplæringstilbodet og tek ikkje føre seg ekstraordinært løyvingsbehov i samband med større omstillingsarbeid. Auken i løyvinga til omstillingstiltak som følgje av skulebruksplanen, må såleis vurderast særskilt og ikkje som del av denne utgreiinga.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er frå 2019 mogleg å spare om lag 6,9 mill. kr om heile løyvinga vert teken bort.

Reduksjon med inntil 2,9 mill. kr vil truleg ikkje gje store konsekvensar.

Reduksjon ut over 2,9 mill. kr vil gje redusert handlingsrom i samband med årlege endringar i opplæringstilbodet og andre krevjande saker innan personalområdet, og vil kunne gjere det vanskeleg å føre ein ønska arbeidsgjevarpolitikk.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Nei

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig For å nå målsetjinga om å ha det kvalitativt beste opplæringa i landet, må skuleeigar syte for at den beste og den rette kompetanse er på plass i skulen. Omstillingsmidlar gir arbeidsgivar fleksibilitet og handlingsrom for utøving av ein god arbeidsgjevarpolitikk, noko som vil kunne verke positivt for fylkeskommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar. Dette vil igjen gje eit godt grunnlag for fylkeskommunen til å lukkast i arbeidet med å rekruttere naudsynt ny kompetanse. Ein organisasjon sin humankapital er den viktigaste faktoren for god kvalitet.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:	Ikkje relevant		

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:	Ikkje relevant
Rolla i den regionale partnerskapen:	Ikkje relevant
Langsiktige avgjerder:	Viktig Løyvinga legg til rette for å kunne utøve ein god arbeidsgjevarpolitikk og slik leggje eit godt grunnlag for arbeidet med å halde på, byggje og rekruttere naudsynt kompetanse.
Alternative finansieringskjelder:	Ikkje relevant
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	
Nei.	
7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet	
Nei	
8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar	
Vurdering av behovet for omstillingsmidlar i samband med skulebruksplanen og evt. anna større omstillingsarbeid må vurderast særskilt som del av arbeidet med budsjett og økonomiplan.	

STIMULERINGSTILTAK I FAG- OG YRKESOPPLÆRINGA – UTGREIING NR. 17

1. Utgreiingstittel og -nummer

Vidaregåande opplæring i bedrift: Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (utgreiingsoppdrag nr. 17)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkesdirektøren har i vedlagde rapport gjort greie for moglege konsekvensar av å redusere eller ta bort løyvinga til stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa. Vurderingane og konklusjonane byggjer på tilbakemeldingar frå opplæringskontor og vurderingar frå fylkesdirektøren.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Det er mogleg å spare om lag 6,9 mill. kr dersom heile løyvinga vert teken bort.

Innsparing inntil 2,4 mill. kr vil truleg ikkje få store konsekvensar for gjennomføring og kvalitet på opplæringa.

Innsparing ut over 2,4 mill. kr vil truleg få konsekvensar for gjennomføring og kvalitet på opplæringa.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Nei

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig Oppretthalde målet om høg kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:			Ikkje relevant
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:			Ikkje relevant
Rolla i den regionale partnerskapen:			Ikkje relevant
Langsiktige avgjerder:	Viktig Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet for gjennomføring og bestått fagprøve, men dette vil kunne endre seg i negativ lei dersom vi ikkje opprettheld trykket på kvalitet og gjennomføring.		

Alternative finansieringskjelder:	Ikkje relevant
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	
Løyvinga stimulerer arbeids- og næringsliv til å ta inn fleire lærlingar.	
7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet	
Ikkje relevant	
8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar	
Nei	

E-PEDAGOGRESSURS VED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE – UTGREIING NR. 58

1. Utgreiingstittel og –nummer			
Vidaregåande opplæring i skule: E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (utgreiingsoppdrag nr. 58)			
2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)			
Fylkesdirektøren gjer i rapporten greie for moglege konsekvensar av å redusere eller ta bort ressursen til e-pedagog.			
3. Økonomisk innsparingspotensiale			
Det er mogleg å spare om lag 1,1 mill. kr dersom heile ressursen vert teken bort.			
4. Administrativt innsparingspotensiale			
Nei			
5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:			
	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Viktig I læreplanverket for Kunnskapsløftet er digital kompetanse ein av dei fem grunnleggjande dugleikane. E-pedagogen skal bidra til å utvikle skulane når det gjeld pedagogisk bruk av IKT. Satsinga på innhald, kompetanse og digitale dugleikar vil vere eit viktig og kritisk ledd for å auke kvaliteten på opplæringa i fylket. Fylkesdirektøren si vurdering er at ressursen til e-pedagog er på eit minimumsnivå.		
Oppgåve- og ansvarsdeling:	Ikkje relevant		
Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:	Ikkje relevant		
Rolla i den regionale partnerskapen:	Ikkje relevant		
Langsiktige avgjerder:	Viktig Det pedagogiske personalet på skulane treng stadig oppfølging og opplæring i nytt utstyr og digitale tenester og ressursar.		
Alternative finansieringskjelder:	Ikkje relevant		
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet			
Nei			
7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet			
Nei			
8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar			
Nei			

Samferdsle

(samandrag frå utgreiing vinteren/våren 2016)

FRAMLEGG TIL DRIFTSSTANDARD PÅ FYLKESVEGNETTET – UTGREIING NR. 45

1. Namn på utgreiingsoppdraget

Framlegg til driftsstandard på fylkesvegnettet (#45)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiinga ser på ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til

- Generell drift
- Vinterdrift
- Beredskap

Det vart sett ei utgreiingsramme på omlag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket. Dei økonomiske vurderingane er utfordrande, då prising av ulike prosessar varierer mykje mellom kontraktane. Forholdet mellom rund sum og mengdebaserte kostnader varierer også. Det er i tillegg uvisse knytt til korleis entreprenørane vil vurdere endringar i driftsstandard og deira strategiske vurderingar knytt til prising av desse. Det vurderte innsparingspotensialet er difor å sjå på som eit mogleg innsparingsnivå med stor uvisse.

Det er viktig med god informasjon til kommunar og trafikantar før vi eventuelt innfører lågare standard. Dette vil særleg vera viktig i forhold til endring i vinterstandard, men også når det gjeld servicetilbod som rasteplassar og toalett langs vegen om sommaren. Det er viktig at Statens vegvesen og fylkeskommunen har ein felles strategi på dette, og at vi ikkje overlèt det til entreprenøren som skal gjera jobben.

Standard for drift og vedlikehald av vegnettet er beskrive i Statens vegvesen si handbok R610 «Standard for drift og vedlikehold av riksveger». Det er standarden i denne som er lagt til grunn for driftskontraktane, både for riks- og fylkesvegnettet.

Rapporten tek utgangspunkt i at utgreiingsramma er gitt i forhold løyvinga til drift i 2014. Denne var på om lag 200 mill. kr. Av dette er om lag 180 mill. kr knytt til driftskontraktane, inkl. elektrokontraktar. Ein reduksjon i drifta på 40 mill. kr svarar til ein nedgang på om lag 22 % i høve til løyvinga til drift av fylkesvegnettet. Kontraktane blir ikkje lyste ut på same tid. Dei har 5 års varighet, nokre med moglegheit for forlenging. Eventuelle endringar i driftsstandard kan fasast inn etter kvart som vi lyser ut nye kontraktar.

I utgreiing nr 46 «Vinterstenging av vegar» er det tidlegare sett på potensiale for innsparing ved vinterstenging av vegar og utsett opning eller tidlegare stenging av vinterstengde vegar på inntil 11,4 mill. kr.

Om drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald er eit fagområde som har stor betydning for framkomst og trafikksikkerhet på vegane. Med drift meiner vi naudsynte oppgåver og rutinar for at vegane skal fungere godt for trafikantane sin daglege bruk. Utfordringane er størst om vinteren med snørydding/brøyting og tiltak for å gi bedra friksjon.

Vedlikehald betyr innsats og aktivitetar som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv, som å oppretthalde standarden på vegdekke, grøfter og vegutstyr.

Fylkestinget har tidlegare vedteke at vi skal nytte same standard for fylkesvegane som for riksvegar. Det er lagt grunn at det framleis skal vere felles driftskontrakt med riksveg innan kontraktområda.

Dersom ikkje, vil det vera omfattande og ressurskrevjande å beskrive ny standard og lage nye kontraktsmalar for fylkesvegane. Oppfølging av to kontraktar og fleire entreprenørar per driftsområde vil også gje meirarbeid og meirkostnader.

Driftskontraktar

Statens vegvesen har ansvaret for drift og vedlikehald av fylkesvegvegnettet på vegner av fylkeskommunen. Drift- og vedlikehaldsoppgåvene blir utført av innleidde entreprenørar etter anbud. Vegnettet blir drifta gjennom til saman 7 driftskontraktar, inkludert Nordhordland (Gulen og Høyanger sørside). I tillegg har vi to driftskontraktar for elektroarbeid, ei for Sogn og ei for Fjordane.

Driftskontrakt	Kontraktperiode
Indre Sogn	2014-2019
Midtre Sogn	2016-2021
Nordfjord	2010-2015 (+3år)
Ytre Sunnfjord	2013-2018
Indre Sunnfjord	2015-2020
Hafs	2012-2017
Nordhordland	2013-2018
Elektro Sogn	2012-2017
Elektro Sunnfjord	2012-2017

Når nye kontraktar bli lyste ut, er det med ein kontraktperiode på 5 år, med 1 års opsjon. Gjeldande kontrakt for Nordfjord er forlenga med 3 år til 2018.

Prisane i dagens kontraktar er gjevne som ein kombinasjon av rund sum og mengdebasert kostnad. I kontraktane som var gjeldande størstedelen av 2014, var kostnadene fordelte mellom rundsum, mengdebaserte kostnader og mannskap og maskiner (Sjå tabell i vedlagde rapport side 5).

Det er mogleg å redusere totalsummen i driftskontraktane med inntil 15 % utan at entreprenøren kan krevje kompensasjon. Dersom mengdene i kontrakten blir reduserte vil det kunne gje ei innsparing i mengdebaserte kostnader, men rundsumdelen av prosessane kjem likevel til betaling.

Rapporten frå Statens vegvesen legg til grunn at generell drift omfattar følgjande arbeidsoppgåver:

• Rigg, inspeksjon og beredskap	• Rasteplassar/toalett/venterom
• Drift av tunnelar	• Grøntanlegg
• Grøftereinsk	• Feiing
• Vegdekke	• Kantslått

Framlegg til ny driftsstandard

Framlegget til ny driftsstandard omfattar følgjande område:

- Rigg, inspeksjon og beredskap: ikkje forslag om endringar
- Tunnel: forslag om endring i intervall for reinhald, inspeksjon og vask. Ikkje måling av tunnel.
- Grøfter og stikkrenner: endra krav til reinsk
- Dekkelapping: reparasjonar på dekke vert ikkje gjort utanom ordinær dekkelegging
- Vegutstyr: ikkje utskifting av øydelagde eller manglande kantstolpar, redusert krav til feiing av vegnettet og gang- og sykkelvegnettet, ikkje utbetring av defekt vegbelysning m.m. Det er ikkje føreslege endring i standard for rekkverk.
- Kantslått: grøntvedlikehald/vegservice: Mindre omfang av kantklipp, siktsoner vert oppretthalde, stenging av rasteplassar og toalett, stenging av venterom, øydelagde leskur ikkje reparert, tagging ikkje fjerna.

- Vinterdriftsklassar: Redusert vinterdriftsklasse ut i frå funksjonsinndeling av fylkesvegnettet. Redusert frekvens på brøyting og strøing, kutte kolonnekøyning på fv. 50 Hol – Aurland, stenge fv 50 og fv 53 om natta mellom 21:00 og 10:00 på vinterstid.
- Beredskap: kan bli aktuelt å utsette rydding etter hendingar på helg til første virkedag etter helg, ikkje rydding på helg utanom søndag, redusere tal beredskapsmaskiner, meir preventiv stenging av vegnettet i samband med dårleg vêt.

Framlegget til ny driftsstandard vil føre til redusert framkome for trafikantane og forfallet på fylkesvegnettet vil over tid auke.

Ved stenging av tunnel vil vi få manglande framkomst, manglande omkøyning og beredskap, dårleg regularitet og behov for mellombelse løysingar som t.d. båtskyss. Regulariteten vil bli vesentleg dårlegare og det vil ta lang tid før opning av vegen etter hendingar på vegnettet.

Ved å gå ned i vinterdriftsklasse på vinterdrifta vil frekvensen på brøyting og strøing gå ned. Resultatet vil bli vanskelegare køyreforhold. Det kan bli framkomstproblem og glatte vegar ved snøfall og overgang til mildvêt.

Redusert standard på grøntvedlikehald og vegservice kan gje konsekvensar for trafikktryggleik og miljø med dårlegare sikt langs vegane og skog som veks inn til vegbana. Det vil ikkje bli trafikale konsekvensar ved å kutte drift av rasteplassar m.m., men det gir eit dårlegare tilbod til trafikantane. Nasjonale turistvegar kan miste sin status dersom vi ikkje kan oppretthalde eit attraktivt kvalitets- og servicenivå langs turistvegstrekingane.

Reduserte løyvingar til vegustyr kan medføre lengre tid mellom utskifting og fornying av skilt. Manglande brøytestikker kan medføre at vegen kan bli brøytta anten for langt ut på kantane eller med for lita vegbreidde. Dette kan gje dårlegare trafikktryggleik og framkomst. Mindre feiing kan medføre trafikktryggingproblem. Redusert veglys kan gå ut over m.a. trafikktrygging. Bruk av veglys gir stor sikkerheitsgevinst på ulukker i mørket.

Rekkverk er viktig for trafikktrygging. Det er ikkje forsvarleg å la vere å reparere skada og nedkøyrd rekkverk. Følgjekostnader for sikring av skadestad vil langt på veg vere like store som ei eventuell innsparing.

Endra rutinar for inspeksjon i tunnel kan medføre auka fare for nedfall av stein i tunnelane. Manglande reinhald kan redusere levetida på teknisk utstyr. Manglande kvitmåling kan ha konsekvensar for trafikktryggleik.

Redusert standard på drenstiltak vil gje meir vatn i vegbana og større fare for vassplaning. Tette drenerør kan føre til skade på vegkropp og vegdekke og redusere levetida på vegen og auke forfallet på vegnettet. Dårlegare vegdekke kan gje dårlegare trafikktrygging/ framkomst.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Innsparingspotensiale på nivå 1 (minst negative konsekvensar)	15,5 mill. kr
Innsparingspotensiale på nivå 2 (middels negative konsekvensar)	10,8 mill. kr
Innsparingspotensiale på nivå 3 (store negative konsekvensar)	8,1 mill. kr
Totalt innsparingspotensiale	34,3 mill. kr

Gitt at administrasjonen slitt framlegg til ny driftsstandard vert vedteke, kan den berekna innsparinga fasast inn slik:

	Tidspunkt for innføring av innsparing (mill. 2015-kr)					
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Innsparingspotensiale per år, nivå 1	1,9	6,5	9,1	11,2	13,5	15,5
Innsparingspotensiale per år, nivå 2	1,3	4,5	6,3	7,8	9,4	10,8
Innsparingspotensiale per år, nivå 3	1,0	3,3	4,6	5,7	7,0	8,1
Totalt innsparingspotensiale per år	4	14	20	25	30	34

Dette er basert på ei gjennomsnittsbetraktning i høve til oppstart av nye kontraktperiodar, etter ein slik plan:

Driftskontrakt	Aktuelt frå kontraktperiode
Indre Sogn	2019-2024
Midtre Sogn	2021-2026
Nordfjord	2018-2023
Ytre Sunnfjord	2018-2023
Indre Sunnfjord	2020-2025
Hafs	2022-2027
Nordhordland	2018-2023
Elektrokontraktar	2022-2027

I tillegg til desse innsparingane på drifta, er det mogleg å redusere totalsummen i driftskontraktane med inntil 15 % av totalsummen i perioden utan krav om kompensasjon. Det vurderte innsparingspotensialet er å sjå på som eit mogleg innsparingsnivå med stor uvisse.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Ikkje innsparingspotensiale. Skisserte innsparingstiltak vil få konsekvensar for Statens vegvesen og entreprenørane.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

Kvalitet i vidareførte oppgåver:	- Viktig
Oppgave- og ansvarsdeling:	- Ikkje relevant
Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:	- Viktig
Rolla i den regionale partnerskapen:	- Ikkje relevant
Langsiktige avgjerder:	- Viktig
Alternative finansieringskjelder:	- Ikkje relevant

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet er lagt til grunn.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Ikkje aktuelt

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Ikkje aktuelt

Sektorovergripande utgreiingar

(samandrag frå utgreiingar vinteren/våren 2016)

FOLKEHELSEARBEIDET I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE – UTGREIING NR. 51

1.	Utgreiing
	Eit styrka søkjelys på folkehelse i Sogn og Fjordane, skal styrke arbeidet omkring levevilkår og livskvalitet for innbyggjarane.
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)
	Den overordna målsetjinga for denne delen av omstillingsarbeidet er å finne fram til ein mest muleg effektiv og målretta bruk av fylkeskommunen sin kompetanse og ressurs når det gjeld arbeidet med levevilkår og livskvalitet i Sogn og Fjordane.
3.	Økonomisk innsparingspotensiale
	<p>Fylkeskommunen sparer 3,30 mill.kr. ved å endre fokus og innretning for folkehelsearbeidet. Dette inneber m.a. avvikling av tilskotsordninga retta mot folkehelsekoordinator i 22 kommunar i fylket. Innsparinga har forankring, og er innarbeidd i, økonomiplan 2016-19.</p> <p>2017: 3,30 mill.kr. 2018: Ytterlegare effektiviseringspotensiale i den nye organiseringsforma vert vurdert 2019: Ytterlegare effektiviseringspotensiale i den nye organiseringsforma vert vurdert</p> <p>Sum: kr. 3 300 000</p> <p><u>Innsparingstiltak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Avvikle stønadsordninga retta mot lønstilskot til folkehelsekoordinatorar i kommunane. • Avvikle ein 100 % stilling • Samordne kompetanse og ressursbruk i større grad i sentraladministrasjonen. Merk at kommunetilskota er godkjende i økonomiplanen 2016-19 (FT juni-15)
4.	Administrativt innsparingspotensiale
	Fylkeskommunen sparer 1,0 årsverk knytt til sentraladministrasjonen ved å endre innretninga på folkehelsesatsinga etter framlagde organisering og arbeidsform. Fylkesrådmannen hentar inn synergjar gjennom ei tydelegare arbeidsdeling, som skal styrke både den interne og eksterne samordninga.
5.	Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<p><u>A. Kvalitet i vidareførde oppgåver:</u> Samfunnet er i stadig utvikling, og utviklingstakta akselererer. Dette rører også ved folkehelsa og verkar inn på levekår og livskvaliteten (folkehelsa) til innbyggjarane. Sosial utjamning, «helse i alt vi gjer», deltaking og meistring er viktige stikkord i levekårsarbeidet. Ambisjonen er å vidareføre og vidareutvikle kvaliteten på det folkehelseretta arbeidet i fylkeskommunen.</p> <p><u>B. Oppgåve- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:</u> Helsedirektoratet sin rettleiar for kommunalt og fylkeskommunalt folkehelseansvar definerer rolla fylkeskommunen skal fylle på området (https://helseidirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/systematisk-folkehelsearbeid).</p> <p>Fylkeskommunen er ein offentleg folkestyrt organisasjon som tek i vare offentlege forvaltnings- og tenesteoppgåver som samferdsle, vidaregåande opplæring, tannhelseteneste, kulturminnevern, regional utvikling, arealforvaltning og folkehelse. Fylkeskommunen har frå 2010 eit lovpålagt ansvar</p>

for mellom anna å fremje folkehelse innafør dei oppgåver og ansvarsområde han er tillagt og å vere pådrivar for, og skal samordne folkehelsearbeidet i fylket. Utfordringa som er gitt gjeld i første rekke det breie folkehelsearbeidet som krev tverrsektoriell og nivåovergripande innsats, samt der det er rom for regionalpolitisk skjøn og behov for regionale og lokale tilpassingar.

C. Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsområde: Rører ikkje direkte ved folkehelsearbeidet, men auka merksemd på å bygge sterkare og meir funksjonelle bu- og arbeidsmarknadar gjer at vi kan skape betre balanse mellom kjønn i folkesetnaden, ved at bygger større attraktivitet både i arbeidsmarknaden og i tilhøve som verkar positivt på det sivile liv.

D. Fylkeskommunen si rolle i den regionale partnerskapen: Fylkeskommunen har fått ei tydeleg regional rolle i å utvikle strategiar, samordne og bidra til heilskapleg arbeid aktørane i mellom. Dette vil bli følgt opp gjennom dei strukturelle oppgåvene og ansvaret fylkeskommunen har tatt på seg gjennom den regionale planen for folkehelse. Dette er i første omgang knytt til å etablere samarbeidsorgan på ansvarleg nivå mellom dei viktige regionale aktørane, systematisk dialogbasert samarbeid med friviljug sektor og formelle avtalar om arbeidsdeling og ansvar. Dette siste handlar mellom anna å etablere eit operasjonelle forpliktande samarbeidsavtalar om helseovervaking med dei ulike partane med formelt ansvar. Det gjeld og å bygge formelle arenaer for samhandling på ansvarleg nivå for å samordne og utvikle arbeidet. Gjennom rolla til fylkeskommunen for regionalt plan- og utviklingsarbeid vil vi adressere viktige utfordringar på folkehelseområdet, slik det mellom anna er gjort i utkast til ny regional planstrategi.

E. Langsiktige avgjerder innanfor tenesteområdet: Framlagd modell er eit forslag til ein framtidretta måte å jobbe på innanfor folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane ved å fremje levekår innanfor dei oppgåver, og med dei verkemiddel, fylkeskommunen har til rådvelde. Dette skal skje gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tiltak som kan møte fylket sine utfordringar på levekårområdet. Fylkeskommunen skal stette levekårarbeidet i kommunane og vere pådrivar for, og samordne, dette arbeidet i fylket. Fylkeskommunen skal ha oversikt over levekårstilstanden i fylket og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. I operativt levekårarbeid skal søkjelys rettast mot aktivitetar som rettar seg inn mot inkludering/deltaking for alle, meistring og sosial utjamning.

F. Alternative finansieringskjelder: For å finansiere kommunale stillingar ligg dette ansvaret til kommunane og det er vanskeleg å sjå for seg andre kjelder for driftsfinansiering over tid. Når det gjeld friviljug sektor har dei mange ulike kjelder dei kan søkje støtte frå, men det meste av dette vert knytt til prosjekt og meir tidsavgrensa finansiering. Organisasjonar og institusjonar treng føreseielege rammer over tid, og ei basisfinansiering som gjer dei i stand til å ha rolla som ein viktig kompetansebygger, aktivitetsskapar og deltakar i det regionale (og lokale) samarbeidet på folkehelseområdet.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Arbeidsgruppa ser ikkje på noverande tidspunkt andre prinsipp som bør trekkjast fram.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Arbeidsgruppa føreslær ein ny måte å organisere arbeidet på, i tråd med ny organisering i sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 01.04.2016.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Arbeidsgruppa ser ikkje på noverande tidspunkt behov for ytterlegare fagutgreiingar.

IKT-TENESTENE I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
– UTGREIING NR. 53

1.	Utgreiing
	Ei framtidsretta organisering av dei samla IKT-tenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar, dilemma og konklusjonar)
	Den overordna målsetjinga for denne delen av omstillingsarbeidet er å finne fram til ei mest muleg framtidsretta organisering og ein effektiv ressursbruk innanfor dei samla IKT-tenestene i Sogn og Fjordane fylkeskommune.
3.	Økonomisk innsparingspotensiale
	<p>Vi legg ikkje fram modellar for reduksjon i denne utgreiinga. Effektivisering gjennom sentralisert og standardisert innkjøp er gjennomført, og vi peikar på at det finst eit ytterlegare potensial for større innsparingar her framover. Dette er likevel vanskeleg å talfeste eksakt, då det er svært stor uvisse knytt til utfordringar som er drøfta i kap. 6. Vi veit svært lite om korleis omstilling både i fylkes-kommunen og i kommunane som vi leverer tenester til, vil påverke dei driftsoppgåvene som er knytt til IKT-tenesta i dag. Ein ytterlegare reduksjon av IKT-ressursane på skulane vil gjere kvar enkelt stillingsprosent så liten, at det er vanskeleg å behalde folk i stillingane. Det er og utfordrande å flytte sentrale driftsoppgåver frå sentraladministrasjonen til skulane, då dette er tunge stordriftsoppgåver som krev spesiell kompetanse som dei tilsette på skulane ikkje har.</p> <p>Arbeidsgruppa tilrår at IKT-drift vidareførast som eit utviklingsprosjekt der ein vurderer alternative driftsmodellar. Gjennom pilotprosjekt vil ein kunne prøve ut ulike driftsmodellar og tilpasse desse til den enkelte eining sine behov og sikre at fylkeskommunen til ei kvar tid har ein samla IKT-drift som er kostnadseffektiv og tilpassa fylkeskommunen sine behov. Ei slik tilnærming vil understøtte prinsippet om IKT som ein avgjerande viktig støttefunksjon for verksemda vår.</p>
4.	Administrativt innsparingspotensiale
	Jf. pkt. 3 ovanfor, siste avsnitt.
5.	Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<p><u>A. Kvalitet i vidareførde oppgåver:</u> Samfunnet er i stadig utvikling, og utviklingstakta akselererer. Dette er særleg merkbart innanfor IKT-området. Målsettinga for den samla IKT-tenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune er at vi også for framtida skal levere kvalitativt gode IKT-løysingar og tenester overfor brukarar, tilsette og samarbeidspartane våre.</p> <p><u>B. Oppgåve- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:</u> Dette grunnprinsippet er ikkje direkte relevant i samband med denne utgreiinga.</p>

	<p><u>C. Funktionelle bu- og arbeidsmarknadsområde:</u> Gode IKT-løysingar legg i dag til rette for tenlege heimekontorløysingar, og gjer det mogleg å rekruttere dyktige fagfolk utan at dei dagleg må vere til stades på eit fast kontor. Slik sett har IKT-verksemnda vår innverknad på dette grunnprinsippet.</p> <p><u>D. Fylkeskommunen si rolle i den regionale partnerskapen:</u> Dette grunnprinsippet er ikkje direkte relevant i samband med denne utgreiinga.</p> <p><u>E. Langsiktige avgjerder innanfor tenesteområdet:</u> Det er særleg viktig innanfor IKT-teknologi-området å heile tida løfte blikket framover i høve korleis oppgåveporteføljen i IKT-tenesta vil utvikle seg t.d. i eit 5-årsperspektiv.</p> <p><u>F. Alternative finansieringskjelder:</u> IKT-tenesta har i dag samarbeid om drift av kommunar og har full tenestedrift for 3 kommunar, og del-leveransar til 5 andre kommunar. Denne drifta inkluderer alle typar IKT-tenester i kommunane. Leveransen er tenestebasert, dvs. at kommunane betalar for tenesta ferdig levert. Alt utstyr i leveransen (med unntak av brukarutstyr som PC, skjerm etc.) er eigd av fylkeskommunen. Dette betyr at ein kan oppnå stordriftsfordelar ved at desse brukarane nyttar same datarom/nettverkskomponentar og serverar som brukarane i fylkeskommunen. Dette medfører ein vinst for både kommunane og fylkeskommunane. Frå tenestekjøpar (kommunane) si side er dette å betrakte som ein skyteneste. Kommunane og 2 interkommunale selskap har sett bort drift av IKT til fylkeskommunen – eit val som vi må ta omsyn til når vi diskuterer organisering av IKT-drift.</p>
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet
	Arbeidsgruppa har ikkje vurdert andre grunnprinsipp i samband med utgreiinga.
7.	Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet
	Dette må laupande vurderast framover.
8.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar
	Arbeidsgruppa ser på noverande tidspunkt behov for ytterlegare fagutgreiingar, m.a. knytt til arbeidsdelinga mellom IKT-tenesta og dei fylkeskommunale sektorane.

LØN- OG REKNESKAPSTENESTENE I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
– UTGREIING NR. 54

1.	Utgreiing
	Ei kartlegging og vurdering av ein mogleg innsparing innanfor den samla løns- og rekneskapsfunksjon i fylkeskommunen.
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)
	<p>Den overordna målsetjinga for dette utgreiingsarbeidet er å finne ut om der er eit effektiviserings- og samordningspotensiale mellom løn- og rekneskapsfunksjonen sentralt (LOR) og dei vidaregåande skulane, tannhelsetenesta og eventuelt andre aktuelle sektorar/einingar.</p> <p>Inkludert i dette har ein og vurdert Hovudutvalet for opplæring sitt innspel (sak HO 11/15); «vurdere ein modell med større ansvar til den einskilde skulen, mellom anna knytt til personale og økonomi. Dette må vurderast i samanheng med utgreiinga om sentraladministrasjonen, roller og storleik.»</p> <p>I utgreiinga har ein kartlagt potensialet for innsparingar ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Meir effektiv bruk av løns- og rekneskapsystemet • Ev. omorganisering/samordning av løns- og rekneskapstenesta <p>Det har vore ein premiss for arbeidet at tenesta minst skal oppretthaldast på dagens nivå.</p>
3.	Økonomisk innsparingspotensiale
	<p>Med bakgrunn i utgreiinga er innsparingspotensiale vurdert til:</p> <p>2019: kr 700 000</p> <p>Det må påreknast kostnader til nokon ekstern hjelp i omstillingsfasen.</p>
4.	Administrativt innsparingspotensiale
	<p>Det er eit mål at fylkeskommunen kan spare 1 årsverk ved løn- og rekneskapstenesta ved at dei føreslegne tiltaka vert innført. Denne vurderinga baserer seg på at Postmottak/scanning vert flytta frå LOR.</p> <p>Arbeidsdelinga og innsparingspotensiale ved skulane vert vurdert i samband med innføring av VISMA flyt Skule.</p>
5.	Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<p><u>A. Kvalitet i vidareførde oppgåver:</u> Kvaliteten vert auka ved at meir av rekneskapsarbeidet kjem over på elektronisk format.</p> <p><u>B. Oppgåve og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:</u> Ikkje relevant.</p>

	<p><u>C. Funksjonelle bu og arbeidsområde:</u> Ikkje relevant.</p> <p><u>D. Fylkeskommunen sin rolle i den regionale partnerskap:</u> Ikkje relevant.</p> <p><u>E. Langsiktige avgjerd innan tenesteområdet:</u> Ikkje relevant.</p> <p><u>F. Alternative finansieringskjelder:</u> Ikkje relevant.</p>
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet
	<p>Tenesteområdet har store oppgåver (f.eks løn, mva oppgåver etc) som skal utførast til faste tidspunkt. Det gjer at LOR er sårbar med omsyn til sjukdom/fråvær. Det er difor ei nedre grense for bemanninga ved eininga. Dette må vurderast oppimot omsynet til innsparing.</p>
7.	Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet
	<p>Utgreiinga har ikkje framlegg om ny organisering av tenesteområdet, men at dette vert vurdert seinare jf. pkt. 4 ovanfor.</p> <p>Utgreiinga gjev ikkje grunnlag for å føreslå at større ansvar/oppgåver innan løn- og rekneskapsfunksjonen bør setjast ut til den einskilde skule, jf. HO sak 11/15.</p>
8.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar
	<p>Løn- og rekneskapsjef får ansvar for å operasjonalisere dei føreslegne tiltaka. I tillegg skal det også avklarast om arbeidsoppgåva «postmottak og scanning/fordeling av papirfaktura» kan overførast til driftstenesta.</p> <p>Det vert sett ei tidsramme fram til sommar 2018.</p> <p>Fylkesrådmannen vil gjennomføre ei eiga vurdering knytt til sentrale arbeidsprosessar og systemløyisingar innan HR- området, bl.a. for avklaring av val av rekrutterings- og kompetansemodul.</p>

DRIFTSTEKNIKARTENESTENE I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE – UTGREIING NR. 55

1.	Utgreiing
	<p>Ei mest muleg tenleg og effektiv dimensjonering av den samla driftsteknikartenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune med utgangspunkt i noverande bygningsmasse, bruk og driftsareal.</p>
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)
	<p>Utgreiinga er ein første gjennomgang av organisering og ressursbruk innanfor bygge- og eigedomstenesta etter innføringa av ny organisering frå 01.01.2015. Utgreiinga har arbeidd etter følgjande todelte mandat (jf. punkt 1–4):</p> <p>A. Oppgåver, ansvarsdeling, kommunikasjon:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Er fordelinga av oppgåver og ansvarsområde mellom bygge- og eigedomstenesta og brukar/skuledrift tydeleg og rett? 2. Kan vi forbetre samhandling og rutinar mellom bygge- og eigedomstenesta og brukar av fylkeskommunale bygg? <p>B. Ressursbruk:</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Er arealansvar per driftsteknikkar forsvarleg og rett i høve gjeldane normer? 4. Ligg vi på rett nivå i høve rettleiande normer for ressursbruk knytt til vedlikehald i den fylkeskommunale bygningsmassen? <p>A. Oppgåver, ansvarsdeling, kommunikasjon – <u>konklusjonar</u>:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Revidert brukaravtale mellom bygge- og eigedomssjefen og dei vidaregåande skulane (vedl. 5.3). ▪ Samla gjennomgang av samhandlingsrutinar og formell styringsdialog i organisasjonen. ▪ Starta opp utviklingsarbeid knytt til FDV-systemet (forvaltning, drift, vedlikehald). ▪ Tydelegare elevfokus i den samla driftsteknikartenesta (jf. opplæringslova §9a). ▪ Dentalteknikk er implementert som eit nytt arbeids-/utviklingsområde. <p>B. Ressursbruk – <u>konklusjonar</u>:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Bygge- og eigedomssjefen har auka fokus på rett ressursbruk og god eigedomsforvaltning. ▪ Bevisstgjerjing i høve bygge- og eigedomstenesta sitt potensiale for å tilby FDV-tenester. ▪ Det samla kostnadsbiletet knytt til drift og vedlikehald for bygningsmassen syner at vedlikehaldsutgiftene må aukast i åra som kjem, dersom vi skal greie målsettinga om eit <i>verdibevarande vedlikehald</i> og vi framleis skal ha gode, tilfredstillande og godkjende bygg.
3.	Økonomisk innsparingspotensiale
	<p>Det har ikkje vore sett ei utgreiingsramme eller innsparingskrav til utgreiinga, då driftsteknikartenestene så seint som 01.01.2015 innførte ei ny organisering i tre regionvise driftseiningar. Bygge- og eigedomssjefen har hatt ei målsetting om å gjere ein grundig <i>organisasjonsgjennomgang</i>. Med referanse til FEF-modellen og Holte Prosjekt sine berekningsmodellar, finn ikkje arbeidsgruppa grunnlag for å gjere kostnadsinnsparingar knytt til den areal- og bygningsmessige forvaltninga no.</p>
4.	Administrativt innsparingspotensiale:
	<p>Fylkeskommunen kan per i dag ikkje spare administrative årsverk knytt til driftsteknikartenestene.</p>

5.	Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:
	<p><u>A. Kvalitet i vidareførte oppgåver:</u> Det er avgjerande at kvalitet og funksjonalitet i fylkeskommunale bygg ikkje vert forringa eller redusert ved at vi endrar organisering og praksis. For det første er organiseringa i regionvise driftseiningar (driftsteam) ein ressurseffektiv og framtidretta modell som legg til rette for at vi nyttar fagleg spisskompetanse effektivt på tvers av institusjonar i fylket. Per i dag er driftseininga i Sogn underbemanna. Dette bør balanserast dersom vi skal oppretthalde forsvarleg kapasitet og unngå å kjøpe for mykje dyre tenester frå eksterne aktørar. For det andre ser arbeidsgruppa ei betydeleg utfordring knytt til planlegging og budsjettering av naudsynt vedlikehaldsarbeid. Arbeidsgruppa understrekar at vedlikehaldsbehovet må vurderast nærare i eit meir langsiktig perspektiv enn vi har gjort dei siste 10-15 åra. Dette heng m.a. saman med at bygningsmassen ikkje skal utfordre offentlege krav til inneklima, arbeidsmiljø og funksjonalitet.</p> <p><u>B. Oppgåve- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:</u> Ikkje direkte relevant grunnprinsipp her.</p> <p><u>C. Funksjonelle bu- og arbeidsområde:</u> Ikkje direkte relevant grunnprinsipp her.</p> <p><u>D. Fylkeskommunen si rolle i den regionale partnerskapen:</u> Ikkje direkte relevant grunnprinsipp.</p> <p><u>E. Langsiktige avgjerder innanfor tenesteområdet:</u> Vedlikehaldsperspektivet krev eit langsiktig og kontinuerleg fokus i organisasjonen. Fylkeskommunen bør fullføre arbeidet med å etablere eit samla system for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) som kan nyttast som grunnlag for alt mål- og planarbeid som involverer fylkeskommunale bygg og anlegg. Fylkeskommunen bør oppretthalde det gode arbeidet som vert gjort for å kartlegge tilstanden på all bygningsmasse (naudsynt oversikt over samla vedlikehaldsbehov). Ei meir langsiktig og framtidretta dimensjonering av det samla vedlikehaldet må difor utarbeidast snarleg, slik at vedlikehald og opprusting av bygningsmassen i større grad vert sett på som ein del av den samla ressursprioriteringa. Dette er nødvendig for å samstemme tilrådde normer for bygningsmassen og faktiske vedlikehaldsløyvingar (for å unngå ein situasjon med stengde skulebygg og ein arbeidskvardag som ikkje set helse og tryggleik i sentrum).</p> <p><u>F. Alternative finansieringskjelder:</u> Driftsteknikartenestene har høve til å ta på seg oppgåver ut over eigen organisasjon ute i regionane/kommunane. På same måte som IKT-tenesta sel tenester til andre offentlege aktørar, kan også BET levere tenester knytt til teknisk drift av offentlege og private bygg utanfor fylkeskommunen. Dette potensialet bør sjåast på i ei eiga utgreiing. <u>Sjå kap. 4.5.</u></p> <p>Nokre aktuelle døme: Kunstmuseet i Førde, der bygge- og eigedomssjefen alt i dag driftar bygget basert på ein eigaravtale. Eit anna døme er Operahuset Nordfjord, der fylkeskommunen ved bygge- og eigedomssjefen frå 2009 har hatt teknisk drift og vedlikehaldsansvar sidan bygget var nytt.</p>
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til dette tenesteområdet:
	Arbeidsgruppa peikar ikkje på andre prinsipp eller omsyn her.
7.	Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet:
	Arbeidsgruppa meiner organiseringa i regionvise driftseiningar er framtidretta og ressurseffektiv.
8.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar:
	Driftsteknikartenestene har høve til å ta på seg oppgåver ut over eigen organisasjon ute i regionane/kommunane, og levere tenester knytt til teknisk drift av offentlege og private bygg utanfor fylkeskommunen. Dette potensialet bør sjåast på i ei eiga utgreiing.

SENTRALADMINISTRASJONEN – ROLLER OG STORLEIK
– UTGREIING NR. 57

1.	Utgreiing																														
	Sentraladministrasjonen – roller og storleik (utgreiing 57).																														
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)																														
	<p>Fylkesrådmannen har igjennom utgreiinga hatt ei målsetjing om å utvikle ein meir endringsdyktig, effektiv og fagleg sterk sentraladministrasjon, som også framover skal rette innsatsen mot politiske organ, eigen driftsorganisasjon, samarbeidspartar, bedrifter og organisasjonar – til beste for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.</p> <p>Fylkesrådmannen legg opp til ei administrativ tilpassing til den politiske organisasjons- og styringsmodellen ved å m.a. erstatte fem lineavdelingar med tre frå 01.04.2016. Modellen det vert lagt opp til medverkar til å imøtekomme innsparingskrava fylkeskommunen står over for.</p>																														
3.	Økonomisk innsparingspotensiale																														
	<p>Fylkesrådmannen vurderer gjennom utgreiingsarbeidet eit samla innsparingspotensiale innan politisk styring, plan og forvaltning (administrasjon) til å vere på <u>19,7 mill.kr.</u>, basert på ambisjonen om å oppretthalde dagens tenesteproduksjon, aktivitet og kvalitet. Eit vidare kutt opp mot 30 mill.kr. vil gjere det uråd å oppretthalde tenestenivået og oppgåveporteføljen med eit tilstrekkeleg fagleg ambisjonsnivå. Fylkesrådmannen har likevel ei målsetjing om å ta ut noko meir innsparingar enn dei føreslegne 19,7 mill.kr. fram mot 2019. Dette vil vidare bli konkretisert i løpet av 2017-18.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2016</th> <th>2017</th> <th>2018</th> <th>2019</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1. Politisk</td> <td>- 1,4</td> <td>- 1,0</td> <td>- 1,0</td> <td>- 1,0</td> </tr> <tr> <td>2. Kontrollorgana</td> <td>- 0,5</td> <td>- 0,4</td> <td>- 0,4</td> <td>- 0,4</td> </tr> <tr> <td>3. Politisk/administrativ aktivitet</td> <td>- 5,2</td> <td>- 5,9</td> <td>- 5,9</td> <td>- 6,4</td> </tr> <tr> <td>4. Stillingar i sentraladministrasjonen</td> <td>- 7,6</td> <td>- 11,5</td> <td>- 11,5</td> <td>- 11,9</td> </tr> <tr> <td>Totalsum:</td> <td>- 14,7</td> <td>- 18,8</td> <td>- 18,8</td> <td>- 19,7</td> </tr> </tbody> </table>		2016	2017	2018	2019	1. Politisk	- 1,4	- 1,0	- 1,0	- 1,0	2. Kontrollorgana	- 0,5	- 0,4	- 0,4	- 0,4	3. Politisk/administrativ aktivitet	- 5,2	- 5,9	- 5,9	- 6,4	4. Stillingar i sentraladministrasjonen	- 7,6	- 11,5	- 11,5	- 11,9	Totalsum:	- 14,7	- 18,8	- 18,8	- 19,7
	2016	2017	2018	2019																											
1. Politisk	- 1,4	- 1,0	- 1,0	- 1,0																											
2. Kontrollorgana	- 0,5	- 0,4	- 0,4	- 0,4																											
3. Politisk/administrativ aktivitet	- 5,2	- 5,9	- 5,9	- 6,4																											
4. Stillingar i sentraladministrasjonen	- 7,6	- 11,5	- 11,5	- 11,9																											
Totalsum:	- 14,7	- 18,8	- 18,8	- 19,7																											
4.	Administrativt innsparingspotensiale																														
	Fylkeskommunen sparer <u>19,7 mill.kr.</u> knytt til leing, administrasjon, politisk styring, plan og forvaltning ved å omorganisere sentraladministrasjonen samt ved å gjennomføre vedlagde innsparingar.																														
5.	Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane																														
	<ol style="list-style-type: none"> <u>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</u> Ein overordna premiss for vurderingane i denne utgreiinga er at kvaliteten på tenestene som vert levert frå sentraladministrasjonen skal vere like høg som i dag. Dette utgangspunktet ligg fast, men det vil på enkelte område vere utfordrande å leve opp til dette ambisjonsnivået då organisasjonen har avgrensa ressursar på fleire fagområde. <u>Oppgåve- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa:</u> Ikkje vurdert i samband med utgreiinga <u>Funksjonelle bu- og arbeidsområde:</u> Ikkje vurdert i samband med utgreiinga <u>Fylkeskommunen si rolle i den regionale partnerskapen:</u> Ikkje vurdert i samband med utgreiinga <u>Langsiktige avgjerder innanfor tenesteområdet:</u> Ikkje vurdert i samband med utgreiinga <u>Alternative finansieringskjelder:</u> Ikkje vurdert i samband med utgreiinga 																														